

Referat Utdanningsutval, FHS

Dato: 27.9.21

Tilstades: Toril Forbod, Unni Margrethe Uren Aasen, Eli Bjøvdal Eikefjord, Johannes Haltbakk, , Cecilie Løvlid og Hilde Kristin Tveit.

Berit Marie Njøs- fekk innkallinga for seint til å kunne delta.

Ingen studentrepresentantar møtte.

Sak	Dokument	Kva skal skje i møtet?	Prosess	Ca tid
1/21 Godkjenning av innkalling og sakliste		Innkalling og sakliste skal godkjennast med evt kommentarar. Er det saker til eventuelt? Nye studentrepresentantar ønskes velkomen. Gjennomgang av mandat til Utdanningsutvalet.	Prodekan	5 min
Referat: Saklista blei godkjend utan kommentarar. Alle medlemmane fekk anledning til å presentere seg sidan det nettopp var tilsett to nye prodekanar ved FHS. Fakultetet har utfordringar med å få studentar til å stille i Utdanningsutvalet. Studentrådet har fått melding på e-post men dei har ikkje respondert.				
2/21 Status på arbeid med internasjonalt fellesemne på 3 sp	Vedlegg i Teams: Emneplan The Norwegian Health Care System in an International Perspective	Dei nye studieplanane på bachelorutdanningane har no emne på 15 stp. For å tilpassa innveksling å få ei periode på 3 månadar og 18 stp, er det no utarbeida ei emneplan på 3 sp som kan nyttast av fleire utdanningar. Utdanningsutvalet bes om å kome med innspel på emneplanen.	Prodekan orienterer og innleiar til diskusjon.	15 min

Fakultet for helse- og sosialvitenskap

Referat:

Emneplan er utvikla ved Institutt for helse og funksjon og skal nyttast av dei tre utdanningane ergoterapi, fysioterapi og radiografi. Det er forsøkt å leggje til aktivitetar som og dei norske studentane kan delta i. Emnet skal utlysast våren 2023.

Kommentar frå Utdanningsutvalet:

- Det er nyttig å utvikla eit fellesemne som kan brukast av fleire utdanningar. Bør fakultetet og utarbeide eit liknande emne for masterutdanningane?
- Emne må språkaskast
- Emnet vil gå både i 2 og 3 studieår og vil gå i same semester som det andre engelske emnet er plassert
- Kan obligatoriske læringsaktiviteter leggjast i andre emne, slik at dei norske studentane kan delta på obligatorisk seminar med dei internasjonale studentane?
- Undervisninga kan vere felles for fleire utdanningar som har innveksling på same tid (som til dømes ergoterapi og fysioterapi)
- Emnet bør kunne nyttast av alle bachelorutdanningane i fakultetet
- Om læringsutbytta kan leggjast på masternivå, kan emnet tilbydast både på bachelor- og masternivå

Utdanningsutvalet anbefaler at emnet nyttast av alle bachelorutdanningane.

Det bør vurderast korleis fakultetet kan jobbe vidare med planlegginga av emnet. Bør det setjast ned ei emnegruppe bestående av emnekoordinatorar frå kvart institutt? Dei kan samarbeide om utvikling av ressursar og undervisninga. Prodekan tek saka vidare i leiargruppa.

3/21 Innspel til studieportefølje 2022-2023	Vedlegg ligg i Teams: Studieporteføljen 2022-2023 Excel fil kjem	Fakultetet skal melde inn forslag til egenfinansierte studietilbud og opptakssrammer for studieåret 2022-23 innen 15.10.21. Utdanningsutvalet bes om å gje innspel på studietilbud og opptakssrammer for 2022 – 2023.	Prodekan og Leiar for studieadministrasjonen orienterar og innleiar til diskusjon.	20 min
--	--	--	--	--------

Referat:

Det vart ikkje noko vedlegg til denne saka.

Det har vore gjort eit større arbeid med ei Periodisk evaluering av samla studieportefølje i fakultetet og HVL. Rapporten frå dette arbeidet blir vidareført i arbeidet studieportefølje for 2022-23. Økonomiske berekraft er lagt inn som ei viktig føring.

Fakultet for helse- og sosialvitenskap

Innmelding frist for samla studieportefølje er 15. oktober. Porteføljen og studieplassar blir myke lik studieåret 2021- 22 men tilpassast studiar som har opptak annan kvart år.

Det er sendt akkrediteringssøknad for master i sosialvitenskap m/tre studieretningar til Avdeling for utdanningskvalitet. Målet er oppstart hausten 2022. Avvikling av master i samfunnsarbeid skal sendast så snart vi har fått innvilga nytt studieprogram. Master i samfunnsarbeid er omarbeida og inngår no som ei studieretning i master i sosialvitenskap.

I tillegg vil det bli utarbeida ny Master i psykisk helse og rusarbeid for sjukepleiar. Det vil medføra endringar i studiet vi allereie har: master i psykisk helse og rusarbeid. I tillegg vil det bli utarbeida ny studieplan i Helsesjukepleie i tråd med ny felles nasjonal retningslinje. Ny studieplan blir sannsynleg ferdig studieåret 2023-24. Også ABIO utdanningane, Jordmorutdanninga, og master i psykomotorisk fysioterapi får nye nasjonale retningslinjer og det blir også her utarbeida nye studieplanar. Dette blir lengre fram i tid . Vigdis Åsheim frå jordmorutdanninga skal leia programgruppe for jordmorfag.

Kommentarar frå Utdanningsutvalet:

- 2-3 sider må utgreiast der fakultetet skal gje eit overordna perspektiv på studieportefølja for neste studieår
- Studieprogram og studenttal – har vore basert på historiske tal. Fakultetet tek opp i forhold til studieplassar og uteksaminerer i forhold til kandidatmåltal
- Forholdet mellom fleksible utdanningar og livslang læring. Har fakultetet fått ekstra plassar til sjukepleie frå KD? – studieplassar har vi berre fått til eit opptak.
- Må vere noko tøff i studieportefølje for 2022-23
- FHS fekk Diku midlar og studieplassar til desentralisert vernepleie. Læringsressursar utviklast og skal nyttast på både deltid og fulltid.
- Når nye studieprogram utviklast må vi sjå til at det tilpassast der vi har kompetansen. Det må sjåast i ein heilheit.
- Fleire vidareutdanningar og masterprogram bør nytte seg meir av enkeltemneopptak for å fylle opp studieplassane
- Opptaksramme og studieplassar. Mange ulike ord og omgrep vert nytta – kva legg vi i desse orda? Vi må få ei beskriving av dette i samarbeid med Avdeling for utdanningskvalitet.
- Studieplassane må knytast til campus.

Utdanningsutvalet tykkjer at det har vore mykje godt arbeid og ber om at innspela tas med i det vidare arbeidet.

Fakultet for helse- og sosialvitenskap

<p>4/21 Etablere EXPO i emneplanen til bacheloroppgåva</p>	<p>Vedlegg ligg i Teams:</p> <p>Etablere EXPO i emneplanane til bacheloroppgåva</p> <p>EXPO digitale presentasjonar</p>	<p>I arbeidet med nye studieplanar RETHOS ble det diskutert om ein i emneplanen for bacheloremna burde leggja inn tekst som omtalte ei versjon av EXPO. Fakultet for ingeniørutdanning har hatt dette i mange år.</p> <p>Er det ynskeleg å tilby eit liknande opplegg for bachelor kandidatane ved FHS?</p> <p>Saka vil meldast inni til leiargruppa.</p>	<p>Kvalitetsrådgjevar orienterer og saka og innleiar til diskusjon.</p>	<p>20 min</p>
<p>Referat: Bør fakultetet jobbe fram EXPO tilsvarande som dei har ved FIN?</p> <p>Kommentar frå utdanningsutvalet</p> <ul style="list-style-type: none"> • Å lære seg å presentere eit tema på 10 min er utfordrande og bra om fleire studentar får delta på • Det økonomiske aspektet – korleis få det til? • Både bachelor- master oppgåver bør formidlast • Det er utfordrande å få studentane til å delta etter dei har levert BA og MA oppgåva si. • Nokon av 3 års studentane vil allereie ha fått seg ei sommarjobb • Viktig å ha eit slikt tilbod. NTNU har tilsvarande på mange studiar men dei har ikkje eit samla opplegg • Utfordrande for høgskulane er å få tilsette frå praksisfeltet til å komme på slike dagar • Kan eit tenkje seg at Helse Expo kan gjennomførast på ALREK evt. På Haukeland Universitetssjukehus og tilsvarande for dei andre campusane? • Vi kan også leggje presentasjonane ut digitalt – slik at vi får vist fram kunnskapen • Viktig for rekruttering til studiane våre at både bachelor- og masterstudentar kan presentere oppgåvene sine • NTNU – har ikkje fellesfrist for innlevering av BA og MA oppgåva. <p>Utdanningsutvalet oppmodar fakultetet til å etablere ei HelseEXPO og at informasjon vert lagt inn i emneplanane for studieåret 22-33. Leiargruppa får avgjere om det bør settast ned ei arbeidsgruppe som kan jobba vidare med planlegginga av Helse EXPO våren 23.</p>				

Fakultet for helse- og sosialvitenskap

<p>5/21 Digitaliseringsstrategi 2021-2025</p>	<p>Vedlegg ligg i Teams: Digitaliseringsstrategi</p> <p>Tiltaksområde for utdanning</p>	<p>KD har utarbeida ei strategi for digital omstilling for heile UH sektoren. Strategien inneheld 3 ambisiøse innsatsområde med tilhøyrande tiltaksområde under utdanning.</p> <p>Utdanningsutvalet bes om å gje innspel på kva for tiltak HVL bør arbeide vidare med i 2022.</p>	<p>Prodekan orienterar og innleiar til diskusjon.</p>	<p>20 min</p>
<p>Referat:</p> <p>Prodekan presenterte prosess for arbeidet med kortsiktige tiltak i arbeidet. Arbeidet skal presenteres for Utdanningsutvalet, HVL 13. oktober. Arbeidet går fort fram.</p> <p>Tiltaksområder (dei viktigaste områda):</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Digitalisering for digital utdanning 2. Digital pedagogisk innovasjon 3. Digital kompetanse i alle fag <p>Kommentar frå Utdanningsutvalet:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Viktig at kvar og ein undervisar vedlikehald si digitale kompetanse • Brukar det ein no har lært og nyttar det vidare på ei god måte • Viktig at ein kombinerer ulike undervisningsformer • Tar vare på det som fungerer bra som til dømes: sleppe å reise vekk for kortare møte og digital rettleiing av BA og MA oppgåva • NTNU jobbar med å utvikle Arbeidslivsportalen. Dei satsar på det • Universell utforming (UU) er lovpålagt – Canvas er no godt tilrettelagt for UU • Digital innovasjon – mest behov for å utvikle seg på dette punktet. ALU er ein flott ressurs. Kan ein ide vere å få ei kontaktperson ved kvart institutt? Personifisere den eininga som støttar og som ein enklare kan spele ball med. • Leggje inn innsatsen slik at tilsette får eit løft og kan fortsetje med å jobba vidare med digital undervising. Ekstra midlar til dei som skal hjelpe/støtte tilsette med digitale undervising <p>Utdanningsutvalet ber om at innspela tas med i det vidare arbeidet.</p>				

Fakultet for helse- og sosialvitenskap

<p>6/22 Internasjonalisering og samhandling</p>	<p>Vedlegg i Teams: Prosjektplan for arbeidet</p>	<p>Prodekan for internasjonisering og samhandling er tilsett i fakultetet. Det er satt ned tre prosjekt i regi av AFII. Kvar av utdanningane er ansvarleg for å utvikle forhandsgodkjente emnepakkar for utveksling. Utdanningsutvalet ber om innspel til det vidare arbeidet.</p>	<p>Prodekan orienterar og innleiar til diskusjon</p>	<p>20 min</p>
<p>Referat: Prodekan for Samhandling, Monica Wammen Nortvedt informerte om at det er satt av midlar til internasjonisering. Kr 500.000 er til å forenkle prosessen for utveksling. Resten er satt av til utvikling i fakulteta. Målet er å få fleire studentar til å reise på utveksling , både inn og ut. Institusjonar i Europa skal godkjenne ei emnepakke for å forenkle arbeidet med førehandsgodkjenning av emna. Arbeidet er i gang og det skal køyrast ei test på appen på nyåret. AFII er ansvarleg for dette arbeidet.</p> <p>Kommentarar frå utdanningsutvalet:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Studierettleiarane – kor mykje er dei informert om dette arbeidet? Det er uvisst • Kan det lagast ei digital ressurs til studentane som vil orientere om dei nye emnepakkane? • NTNU jobbar mykje med internasjonisering, dei har mange prosjekt. Det skal vere enkelt å førehandsgodkjenne. Dei har no færre avtalar men fleire utdanningar med i avtalane • Bør det vere også noko fleksibilitet? At ei utdanning kan selje noko ut? Eit 7,5 sp emne er eit profilområde som passar og vil vere nyttig å utarbeide på engelsk på 2. studieår. Det er viktig å tenkje på fleksibilitet på enkeltemne også • Crossing Borders (digitalt) 15 sp er i samarbeid med 6 utdanningsinstitusjonar • Studentar vil få ulikt utbytte av å ta eit emne digitalt saman i eit internasjonalt samarbeid enn faktisk å reise ut å gjennomføre emnet i eit anna land. • Fagseksjonane er opptatt av internasjonalt arbeid. Master i klinisk sjukepleie har bidrege med søknader til forskningsrådet. Dette har resultert i stipendiatar og har innverke positivt i fagmiljøa • Det er fleire eksempel på at internasjonalt samarbeid har utløyst prosjektmidlar (radiografi) • Vanskeleg å samle undervisning og forskning. Kan vi ta utgangs punkt i eit godt samarbeid om forskning og utvikla det vidare? Det bør vere mogeleg å finne eit universitet som vi kan samarbeide både med undervisning og forskning. • Det har vore rydda i samarbeidsavtalane i FHS – avtalane vi no har skal vere aktive • Er mykje personavhengig – vi er ikkje heilt i mål <p>Utdanningsutvalet tek saka til orientering og støttar arbeidet med å utarbeide emnepakkar</p>				

Fakultet for helse- og sosialvitenskap

7/21 Orienteringar	Vedlegg ligg til slutt i saklista	Utdanningsutvalet får sakane til orientering: <ul style="list-style-type: none"> • Status opptak 2021 • Status for nye studieprogram under utvikling • Status for studentassistentar frå hausten • Status på investeringar av utstyr til undervisning, VR briller • Etablering av studieprogramråd • Ny mal for vurderingsskjema 	Prodekan orienterar	15 min
Referat: <ul style="list-style-type: none"> • Opptak 2021. Det er god søknad, registrerte møtt og fyllingsgrad spesielt på bachelorutdanningane våre. For masterutdanningane er det litt lågare fyllingsgrad • Status studentassistentar: Helene Unneland er no tilsett som prosjektleiar for studentassistentane • Investeringar av VR briller – eit klasse sett er levert men måtte sendast tilbake • Nye studieprogramråd skal oppnemnast: Master i familieterapi og relasjonelt arbeid, master i avansert klinisk allmennsjukepleie og master i sjukepleie – kliniske spesialitetar. Studieprogramråd er eit viktig organ som har gjort et løfte for utdanningane. Det er blitt et godt system på kvalitetsarbeidet. Det er ei god støtte for fagseksjonsleiarane. Studieprogramråda er viktig for kvaliteten på studieprogramma. Ulike punkta blir tatt fatt i og diskutert. Det kan utarbeidast ei mal for kva som må være med <p>Utdanningsutvalet tek sakene til orientering.</p>				
8/21 Eventuelt	Vedlegg:	Neste møte 22. november.		5 min
Referat: Til neste møte bør vi sørge for å få med studentrepresentanter.				